



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Tom N. Pedersen, 5557 2119

Vår dato  
05.03.2012  
Dykkar dato  
11.01.2012

Vår referanse  
2012/529 542.1  
Dykkar referanse  
12/259

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

### Fylkesmannen har merknad til søknad om anleggsendring

Vi viser til søknad frå Eide Fjordbruk AS og Fyllingsnes Fisk AS datert 6. januar 2012 og sendt frå Hordaland Fylkeskommune 11. januar 2012. Bedrifta søker om utskifting av merdanlegg på lokaliteten Fyllingsnes S i Lindås kommune.

Det vert ikkje søkt om endring i MTB, men det blir endra utnytting av arealet sett av til akvakultur i kommuneplanen.

I utsleppsløyvet som vart gjeve i 2006 vart det sett nokre særskilte vilkår. Når det er nye eigarar inne i bildet ser vi det som rimeleg å gjere merksam på dei vilkåra som vart sette. I oversendingsbrevet skrevi vi:

*Fylkesmannen gjev Fjordfarm AS utsleppsløyve for eit matfiskanlegg for oppdrett av laks og aure med ein maksimal produksjon på 1560 tonn biomasse på lokaliteten. Fylkesmannen ber verksemda om å utarbeide ein plan for støyreduserande tiltak og ein plan for tiltak mot feittproblem innan 01.09.2006. Lokaliteten må i tillegg brakkleggjast i 3 månader mellom kvart utsett. Fylkesmannen føreset at det ikkje vert flytta inn nye konsesjonar til området, med bakgrunn i at fjordsystemet er føreslått som nasjonal laksefjord, og ber Fiskeridirektoratet region Vest om å følgje dette opp.*

Det vart to særskilte vilkår under punkt 1.2 og punkt 3 i løyvet:

*Anlegget skal utformast og drivast slik at feitt frå anlegget ikkje når land. Fylkesmannen set krav om at verksemda må utarbeide ein plan for å hindre at fisken gulpar feitt og at feitt frå føringa når land. Planen skal omfatte førebygging, oppfølging og iverksetjing av tiltak.*

*Anlegget skal utformast og drivast slik at det ikkje oppstår urimelege støyulemper. I samband med dette set Fylkesmannen krav om at verksemda skal utarbeide ein plan for støyreduserande tiltak. Planen skal sendast Fylkesmannen innan 01.09.2006.*

Fylkesmannen mottok plan for støyreduserande tiltak i 2006. Oppdrettsnæringa er ei næring i rivande utvikling og utstyr vert skifta kontinuerleg. Samstundes har Fylkesmannen blitt kontakta av hytteeigarar i området som peiker på at dei framleis blir plaga av støy og forureining frå oppdrettsanlegget då særleg i form av flytefeitt.

Vi ber difor Eide Fjordbruk AS og Fyllingsnes Fisk AS gjere ei vurdering av stoda for støyreducerande tiltak og tiltak mot flytefeitt på lokaliteten.

I samband med utskifting av anlegg er det laga skisse for plassering av det nye anlegget som blir plassert om lag 80 m lenger sør enn det opphavlege anlegget. Samstundes blir flåten liggjande i same posisjon som tidlegare. Når næraste hytte ligg berre 290 m frå dagens flåteplassering, vil ei flytting av fôrflåten i lag med merdane kunne ha merkbar effekt på støyplagene for dei som har hyttene i nærleiken.

Fylkesmannen vil difor be om at det vert gjort ei vurdering av om det er praktisk mogleg å flytte fôrflåten tilsvarande lenger sør.

Med helsing

Kjell Kvingedal e.f.  
seksjonssjef

Tom N. Pedersen  
overingeniør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Lorenz Olsen  
Eide Fjordbruk AS

5640 EIKELANDSOSEN